

Forvaltningsplan for grågås i Kvam herad

1.juli 2022 -31.juni 2027



Grågås beiter på innmark ved Lysenvatnet april 2014.

INNHOLD

1. INNLEIING
2. HISTORIKK OG BIOLOGI
3. RAMMER FOR FORVALTNINGA AV GÅS
4. DOKUMENTASJON OG BESKRIVING AV SKADE.
5. RESULTAT AV ULIKE TILTAK SOM ER GJENNOMFØRDE I KVAM
6. KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR



Grågås i flukt.

1. INNLEIING

Kvam herad sin forvaltningsplan går ut i 2022 og det er no på tide med ein ny forvaltningsplan for grågås i Kvam hrad. Kvam herad har no fått noko erfaring med førebyggjande arbeid av grunneigarane og forvaltingsplanarbeid. Denne innsatsen har Kvam herad drege fordelar av ved utarbeidninga av ny forvaltningsplan.

I nyare tid etablerte grågåsa seg som hekkefugl i Kvam på 1990-talet, og førekomensten er no i vekst og i hovudsak å finne på Kvamsøy, Aksnes/Fonneland, Drage og Augestad i Tørvikbygd, Ljones, Oma/Dysvik og på Mundheim/Nes. Det er langt att til bestanden når same høgdene som somme av kommunane på Vestlandskysten opplever, og arealbruk og skadeomfang er per i dag avgrensa til eit relativt lite område.

Skadane er likevel ei stor belastning og fører til stort økonomisk tap for jordbruksopprør på gardane som er ramma. Mange er uroa over at det ser ut til at gåsebestanden aukar og at fuglane tek i bruk nye delar av heradet.

Planen gir eit oversyn over utviklinga i skadesituasjonen, lovgiving og forvaltning og det vert gjort framlegg om tiltak med basis lovheimlar, der nokre tiltak blir forsøkt sett i verk snarast. Med denne planen ynskjer vi å gi ei oversikt over kva verkemiddel ein har for å avgrense skadeomfanget i dei aktuelle områda, og hindre spreiing og tilsvarande skadar i nye delar av heradet. I og med at bestanden ikkje er større enn han er i dag, kan grep som blir gjort no føre til at bestandsutviklinga kan haldast under kontroll framover. Planen omfattar førebels berre grågås.

Fylkesmannen i Hordaland no Vestland har laga ein forvaltningsplan gjess i Hordaland MVA – rapport 3/2008, der ein kjem inn på utfordringar, målsetjingar og tilrådingar for gjess i Hordaland. Denne regionale rapporten blir lagt til grunn for å laga ein lokal forvaltningsplan for grågås i Kvam herad.

Forvaltningsplanen skal rullerast etter 5 år.

2. HISTORIKK OG BIOLOGI

Grågås, (Anser anser), hekkar frå Island, Skottland og Nederland i vest gjennom store delar av Nord-Europa og Russland til Stillehavet i Aust. Dei norske grågjæsene hekkar først og fremst i tilknyting til saltvatn og er å finne langs store delar av kysten med tyngdepunktet frå Sunnmøre til Nordland.

Gåsa kjem til Kvam herad tidleg i april (registrert i slutten av mars nokre år). Det er registrert at ho hekker årleg på Kvamsøy, Aksnesholmane, i Tørvikbygd og på Oma, men ho hekker truleg andre stader også. Flokkar av ikkje-hekkande gjæs er eit problem særleg på Aksnes/ Fonneland og Kvamsøy i dag, Ved bestandsauke vil truleg fleire slike flokkar etablere seg og skape problem fleire stader.

Hausstrekket byrjar tidlegare no enn før og årsakene til dette er truleg ein kombinasjon av fleire faktorar. På trekket nordover stoppar gåsa ein til to månader i Nederland. Ein tidlegare vår dei seinare åra, har gjort at vekstsesongen startar tidlegare og gåsa kan bruke tida i

Nederland til å byggje opp kondisjonen og trekke nordover tidlegare enn før. Når går hekker tidleg fører det med seg at hausttrekket startar før. På 70-talet starta trekket midt i september. Frå midt på 80 talet har trekket starta tidlegare og tidlegare, og nå er trekket mange stader i gang tidleg i august eller i slutten av juli. Høgt jakttrykk kan forsterke denne effekten, ved at gjæsene blir skremt til å trekkje sør over allereie ein dag etter at jakta har starta.

Grågåsa som art har auka kraftig i tal her til lands dei siste 15-20 åra. For Kvam sin del har Øyvinn Askeland i ”Viltet i Kvam” (2002) registrert at grågåsa er observert i eit lite tal vår og haust, men ein kjenner ikkje til hekking då. Dei første observasjonen av hekking i Aksnes/Fonnlandsområdet var gjort i 2007 og no hekkar minst 10 – 12 par i Kvam herad. Truleg har grågås stundom hekka i vårt område også tidlegare. Det er også observert større flokkar med ungfugl, opptil 50 – 60 fugl i flokkane.

Norske grågjæs beitar i stor grad på gras og urter, og har, typisk for gras- etande gjess, vesentleg kortare nebb enn baltiske gjæs som beitar på vassplantar som sneller og takrør. Ho beiter selektivt og har delvis dei same preferansane mellom beiteplantene som husdyra, men føretrekk i stor grad også fleire ugrasartar som løvetann, matsyre og andre. Når gåsa startar beitinga på engareal tidleg på våren, vil kulturgraset og enga generelt bli sett tilbake. Den sådde enga vil svekkast og bonden haustar ei mindre og därlegare avling. I periodar med därleg grasvekst, vil gåsa kunne beite på røter av prefererte grasartar, t.d. timotei. Det er også blitt nemnt at gåsa kan spreie frø frå ugrasartar som ho har beita på, gjennom skiten, men det er tvilsamt om frø som har passert gjennom gåsa vil vera spiredyktige (ornitofile frø vil spire, men vi kjenner ingen ugrasarter med slikt frø).

Som skadegjerar vil gåsa oppstre på to måtar, som hekkande gås og som ungfugl/ikkje hekkande. Den sistnemnde er ikkje eit stort problem i Kvam i dag. Desse to gruppene vil oppstre på ulike måtar.

- Den hekkande gåsa vil i hekkeperioden beite på areal i nærleiken av reirplassen. Når eggja vert klekte, vil gåsa samle seg i flokkar i bukter/viker og gå opp på land for å beite i periodar av døgnet. Vaksne gås og ungar vil beite i eit belte på opp til 100 meter frå fjøra og flokkane vil konsentrere seg i bukter/viker med beitande areal på landsida. Gåsa ser også ut til å starte hekkinga tidlegare enn før. Det er vidare rimeleg å tru at beiting på gjødsla kunsteng fører til betre tilvekst og at ungane vert tidlegare flygedyktige.
- Flokkane av ungfugl vil streife omkring til eit stykke ut i juni då dei startar fjørfellinga (mytinga). Før mytinga startar kan desse flokkane gjere stor skade på første slåtten dersom dei får beite i fred. Ikkje-hekkande par vil forlate området og kan vende tilbake etter mytinga, frå midten av juli. Når ungane vert flygedyktige i juli vil hekkegås og unggås kunne samlast og gjere store skader på andreslåtten. Kullsamlingsbeiter ofte på meir eller mindre faste plassar, men dei kan ha alternative plassar å beite på om dei blir forstyrra på ein av dei.

3. RAMMER FOR FORVALTNINGA AV GÅS I KVAM

3.1 Lover, føresegner og rundskriv

Jakttidsramma er å finne i Forskrift om jakt og fangsttider samt sinking av egg og dun fra 1. april 2022 til og med 31. mars 2027 § 2. For grågås er denne sett til 10.08 til 23.12. Av §3 om delegering av myndighet følgjer at punkt 1.b at ”Fylkesmannen kan opne for jakt på grågås inntil 15 dager før ordinær jaktstart når det foreligger en lokal forvaltningsplan. I denne perioden kan det kun jaktes frå kl. 0400-1000.”

For Kvam er denne fastsett gjennom ei eiga føresegn om tidlegjakt på grågås 2022 – 2027. Føresegna gjeld på dyrka mark som blir slått og hausta. Det er ikkje krav om jaktfrie område men det er oppmoding om at slike område blir etablert. Smil er ei støtteordning som det kan søkast på til etablering av slike friområde.

§6 i den same forskrifta behandler retten til sinking av egg og dun. For grågåsa kan grunneigar eller brukar sanke egg frå grågåsreir fram til 15. april, og etter dette kan fylkesmannen gi løyve til sinking om dette inngår i ein forvaltingsplan for grågås.

Kommunen kan gje løyve til felling av grågås som gjer skade, sjá Forskrift om felling av viltarter som gjer skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon punkt IIB. Dette er ikkje eit middel for bestandsdesimering, men til skadeavgrensing på det området det er påvist skadar. Det skal rapporterast frå skadefellinga, og stillast krav om at andre førebyggjande tiltak er sett i verk for å forsøke å avgrense skaden.

Direktoratet for naturforvaltning sette ned ei brei samansett arbeidsgruppe som la fram ei innstilling i 1996: Handlingsplan for forvaltning av gjæs. DN-rapport 1996-2. Hovudelementet i innstillinga var utarbeiding av lokale forvaltningsplanar.

a. Økonomiske verkemiddel

Regionale miljøprogram skal utarbeidast i kvart fylke og kan vere ei kjelde til finansiering av forvaltingstiltak som omfattar fleire kommunar. Statens landbruksforvaltning hadde tidlegare teke inn som tema konflikten mellom jordbruk og gås i sitt regionale miljøprogram, men det er no teke ut av retningslinene. Det er i dag rom for at ein kan søkje om SMIL midlar for å redusera gåseskader i områder med mykje skade, gjennom ei prioritering av fordeling av midlane i heradet. Til dømes kan dette være oppsetting av gjerde og skjøtsel av friområde.

For grågåsa blir ordinær jakt føretrekt. Fellingsavgifter for storvilt og inntektene frå sal av fallvilt går inn i eit kommunalt viltfond. Det kommunale viltfondet kan gje stønad til kartlegging av bestanden samt opplæring og tilrettelegging av jakt.


Det kan opprettast to typar område i strandsona med spesiell status:

Friområde :

Med friområde meinast her eit område der gåsa kan beite fritt utan og bli forstyrra. Friområde bør gjelda for heile året slik at gåsa blir vane med friområdet. Friområde kan etablerast av den enkelte grunneigar aleine, f.eks. på ein del av marka nærmest sjøen. Det kan vere ein teig som ligg litt for seg sjølv (noen gjev på denne måten litt av avlinga til gåsa), det kan etablerast eit nytt område ved overflatedyrking, eller det kan leggjast ein plan for skjøtsel av annan mark som ligg brakk. I friområda er det ikkje lov å drive jakt, jaging eller på anna vis skremme gjessene. Friområde må skjøttast slik at det opprettheld god beitekvalitet for gjessene

Naturreservat:

I Kvam er det oppretta eit naturreservat for vern av sjøfugl på Aksnesholmane. Holmane er omfatta av naturvernlova. Grågåsa hekker på holmane , og her er det forbod mot all jakt på grågås samt sinking av egg og anna skade og øydelegging.



Figur 1. Naturområde med vernestatus i Kvam. Forvaltningsplanen for grågås i Kvam må rette seg etter lover som gjeld verneområdet Aksnes holmane midt i biletet.

4. DOKUMENTASJON OG SKILDRING AV SKADE

4.1. Skildring av skade.

I Kvam har det vore registrert desse skadane av grågås på grasavlingar:

1. Tap av plantemasse som gåsa beitar eller trakk ned .



2. Langsiktige skader som følge av selektiv beiting. Den sådde kunstenga går ut og enga vert dominert av mindreverdige artar. Dette medfører tap av mengde og kvalitet.



3. Tilgrising av føret med ekskrement kan gje dårlegare fôrkvalitet, mindre opptak av føret og kvalitetsfeil på mjølk.





I Kvam er det også observert gnagskader og beiting av nye skot/ blomeknoppar på unge frukttre plantingar i felt som går heilt ned til flomålet. Tre som blir beita på reagerer med ukontrollerbar vekst på same måte som hjortebeiting. I dagens tettplantingar er dette svært uheldig. Ein kan forebygge for stammeskader men vern, men beiting av knoppar er vanskeleg å verna seg mot.

Vurdering av skadeomfanget kan vera vanskeleg. Lite omfattande skader har lett for å bli overvurderte, då den relative delen av plantemassen er minst i toppen og gåsa beiter frå toppen av grasstråa. Store skader kan på den andre sida bli undervurderte. I tillegg til den direkte beiteeffekten har ekskrement i fôr og effekten dette har på fôropptak hos husdyr og på silo har vore drege fram som ein negativ faktor. Det er ikkje funne dokumentasjon på øydelagd fôrkvalitet på grunn av skit.

I gåsemagen vert cellene i graset knust og cellesafta vert trekt ut. Slik er gåseskiten så godt som reint gras tilsett litt urinsyre, fri for bakteriar som kan medføre feilgjæring ved ensilering.

Beiteintensiteten til grågåsa og avlingstapet for bonden kan målast på ulike måtar:

- Ved å telje ekskrement pr areal. Denne metoden gjev imidlertid ikkje beiting i absolutte verdiar som kg eller foreiningar pr arealeining.
- Ved måling av plannehøgde ved hjelp av ein målestang med ei lett plastplate som senkast ned i plantebestanden. Denne metoden er utarbeidd i Storbritannia gjev høve til måling av avlingsmengde og avlingsskilnader. Ein kan difor måle det faktiske tapet av avling. Skal metoden vere sikker, vil det krevje ein del øving.
- Ved høgdemåling saman med nettingbur (Grasstav).
- Ved taksering ved hjelp av hausting av ruter innafor og utafor nettingbur. Dersom haustingskostnadane overstig verdien av resterande plantemasse, er skadane 100%.

Det har ikkje vore gjennomført eit systematisk takseringarbeid av skader på engareal i Kvam. Taksering av avlingstap er tidkrevjande og kostbart, og det bør ikkje setjast krav om nøyaktig registrering av avlingstap utan at det strengt tatt er naudsynt. Viss bonden hevdar å ha fått skade på enga, bør dette vere grunnlag godt nok for å vurdere enten tilsegn om dekking av utgifter til skadereduserande tiltak (kjøp av gjerde m.m.) eller for å få lov til å felle skadegås.

Ved eventuell søknad frå grunneigarar vil Heradet gjennomføra ei synfaring av området for å vurdere skadeomfanget og få eit betre grunnlag for å gje tilsegn eventuelt fellingsløyve.


4.2. Registrering og observasjonar av grågås i Kvam.

Det er henta inn observasjonar frå grunneigarar i Kvam. Vi har ikkje opplysningar om at det er observert grågås innafor Fyksesundet. Observasjonane som er samanafatta i tabellen under,


er ikke fullstendige. Sjå elles artskart <http://artsobservasjoner.no> for observasjoner av grågås i Kvam herad.

Stad	Årstal	Hekk ande par (og besta nds mål)	Totalt tal fugl	Periode	Merknad
Kvamsøy, Gnr. 55, bnr. 2 Grunneigar og observatør: Alf Storås	Frå 2010-	2	20-30	Mars/april-august	Beiter på grasbakkene, stort avlingstap, må kjøpe inn fôr
Norheimsund, Nedafor Hardanger brygge (gml Nhs. hotell	2012			Siste halvdel av april	Observert 1 par på plenen
Ved Naustene Aksnesholmane Fonneland Gnr 5 bnr 1 Og ved Strandnes (v/ Lidarende) Gnr 5 bnr 4 Grunneigar og observatør Jon Eirik Fonneland	2002				Dei første gjessene observert
	2007 -	2-3	30 -40	mars/ april – midt august	Store beiteskader på gras 1. slått Skader på frukttrær Prøvd å jage bort fugl
Aksnes, gnr. 4 bnr. 1 Grunneigar og obeservatør Ronny Bjørke	2010 -	2 ?	10 – 15	april-mai	Skade på frukttrær, beiting i frukthage. Prøvd varselskot og fugleskremsel for å jage bort fugl
Tørvikbygd	2010-	2?	30-40	april-aug	Eidesvågen, Augestad, Lysevatnet, Tørvikvatnet
Ljones Gnr 96 bnr 1 Grunneigar og observatør: Gunnar Dolve	2010-				Beiter på teigar med gras ned mot Eidesvatnet. Stort avlingstap

Dysvik Gnr. 136 bnr 1 Grunneigar og observatør Knut Dysvik	2010-	1?	15-20 på det meste	Ca 15.3-15. 8	Hekking på Storholmen, der er det satt ut villsau i 2012.
Nes, Mundheim Gnr. 140 bnr.3 Grunneigar og observatør Kåre Nes.	2010-	1?	10-15	Ca 1.4-15. 8	Prøvd med el-gjerde ned mot vatnet. Ikkje så stor effekt
Movatnet	2016	?			



Figur 2. Observasjonar av grågås i midtre delar av Kvam. Område der gåsa hekker er merka med raudt, område der det berre er registrert beiting er merka med blått.



Figur 3. Observasjonar av grågås i ytre delar av Kvam. Område der gåsa hekker er merka med raudt, område der det berre er registrert beiting er merka med blått.

5. ULIKE TILTAK SOM KAN VERA AKTUELLE Å GJENNOMFØRE.

Kommunane på ytre strøk har langt større erfaring med grågås enn Kvam. Det er svært avgrensa kva konkrete organiserte tiltak ein har å vise til i Kvam, og vi vel å støtte oss til erfaringane frå ytre strøk. Erfaringane i Kvam avgrensar seg til skremming ved grunneigar og utlegging av skoten gås for å tiltrekke havørn. Det har også vore ordinær jakt på grågås..

I ”Forvaltningsplan for gjess i Hordaland: Utfordringar, målsetjingar og tilrådingar” vert det lagt opp til utarbeiding av lokale handlingsplanar som eit sentralt element i arbeidet med demping av konflikten mellom jordbruk og gås. Her blir det også gitt tilrådingar for kva tiltak ein kan nytta seg av i Kvam herad.

Grågåsa sitt opphavlege naturgrunnlag er strandenger. I Kvam er det få slike område, då dyrkamarka går heilt ned til flomålet. Ein må akseptere eit visst skadepress på innmark, men bestanden må tilpassast naturgrunnlaget.

5.1. Plukking av egg

Grunneigar eller brukar kan sanke egg frå grågåsreir fram til 15. april, og etter dette kan fylkesmannen gi løyve til sinking om dette inngår i ein forvaltningsplan for grågås.

Plukking av egg frå reiret vil redusere kulla dersom eggene vert plukka relativt seint. Vert egg plukka for tidleg, vil gåsa leggje nye egg. Ein mykje brukte metode for bestandsreduksjon er å punktere eggene med nåler (slik det er i dag må ein sokja fylkesmannen om løyve til å punktera egg). Fosteret vil då døy.

Mange stader sankar dei egg slik at dei lar to eller (helst) tre egg vere att i reiret. Då vil gåsa ruge ut desse og oppleve det som ein vellukka hekkesesong. Dette kan gå bra også om ein plukkar egg heilt ferske. Viss ein då tar alle eggene, vil gåsa lett sky reiret, og skjer det fleire år på rad, kan ho flytte til ein heilt annan stad, og ta med seg problema dit. Ho kan sky reiret også om ein berre tek nokre av eggene. Då er det tryggare å sanke eggene midt i rugeperioden.

Eggsinking er den mest effektive måten for å redusere tilveksten i bestanden. Dette må vera ei kontrollert sinking der ein tel opp antal egg for kvart år og samanliknar det med bestandsendring.

Egg sinking må organiserast av kommunen i lag med interesserte aktørar. Det er naudsynt med opplæring så ein veit kva ein skal sjå etter når ein leitar etter reira, og om ein har høve til det, følgje med på førehand for å sjå kor gjæsene slår seg ned.

5.2. Felling av skadegås.

I Kvam herad har det ikkje vorte gjeve fellingsløyver for skadegås. Det kan vere eit aktuelt tiltak i forvaltningsplanen for å minske dei økonomiske tapa til gardbrukarar som er plaga med skadebeiting og tap av avling.

For at Heradet skal kunne gi skade løyve skaden vere av betydeleg økonomisk verdi. Ein må også ha prøvd andre tiltak før ein søker om skadefelling. Skadefelling kan bare gis på eit avgrensa område som dyrka mark. Skadefelling skal ikkje fungera som ei «lokal jakt tid eller vere bestandsregulerande» jfr forskrift om skadefelling.

5.3. Sperregjerder for kullgåsa

Når ungane vert klekte, trekkjer gåsa ned til sjøen. Kulla vil samle seg i skjerma viker/bukter og trekkje opp på land for å beite. Denne beitinga kan føre til store skader på enkeltbruk, og det er registrert at jordbruksareal i ei sone opp til 100 meter frå stranda har vorte sterkt nedbeita.

Det har vore gjort forsøk med oppsetjing av sperregjerder i utsette områder. ”Vanlege” gjerdetypar, som elektrisk not kan gjere nytten. Sannsynlegvis vil ikkje dei vaksne la ungane gå gjennom gjerdet. Sperregjerde må kombinerast med eit areal mellom sperregjerdet og sjøen, som er attraktivt som beite for. Om det ikkje finst eit slikt område, vil kullgåsa trekkje til andre område.

Dersom områda på nedsida av sperregjerdet er attraktivt nok for kullgåsa, vil gjerdet kunne redde første avlinga. Når ungane er flygedyktige, har sperregjerdet ingen effekt. Men dei har kanskje lært seg til å finne maten andre stader, jfr. pkt 5.4 om alternative beiteareal.

5.4. Opparbeiding av alternative beiteareal

Skal sperregjerder mot kullgåsa ha verknad, må det opparbeidast eit areal mellom gjerdet og sjøen der gåsa kan beite på. Desse areala må difor beitast av husdyr, evt pussast eller slås for at dei skal vere attraktive for gåsa. Der alternative beiteareal har vore systematisk beita, har sperregjerde hatt ein positiv verknad.

Eit prosjekt gjennomført av Nordre Sunnmøre Forsøksring gjekk på måling av effekten av sauebeiting på Uksnøya i Sandøy kommune for restaurering av dei brakklagde jordbruksareala på øya og den påfølgande effekten på grågås. Kulturlandskapet på øya er gjenskapt men det har likevel ikkje ført til at grågåsa har trekt ut til Uksnøya i stort omfang. (Melding Nordre Sunnmøre Forsøksring). Ei mogleg årsak til dette er at trafikken av menneske innover øya som følgje av utsetting av sau kan uroe gåsa meir no enn før sauken kom til øya. Likevel er det no bra med par som hekker der.

5.5. Tilrettelegging av jakt.

Vanleg jakttid for grågås er 10.8 -23.12. Fylkesmannen kan opne for jakt på grågås inntil 15 dagar før frå 26 juli. Det har vore hevda at den tidlegare jakta uroar gåsa og fører til at den startar trekket før den ordinære jakta startar. Når jakta i Kvam startar 10. august, er gåsa i

området allereie på trekk og etter eit par dagar er berre ein liten del av bestanden igjen. Jakttida er ikkje tilpassa livsmønsteret til fuglane. Tidleg hekking og omfattande beiting på gjødsla jordbruksareal medfører at ungane er tidlegare flygedyktige. Den ordinære jakta gjev difor eit særslig lågt utbytte i Kvam. Det er heller ikkje tradisjon for gåsejakt i heradet, og jakta skjer berre sporadisk.

Skal jakta her vera effektiv krev det at ein lagar skjul som ein kan gøyma seg i under jakta. Som skjul kan ein bruka telt eller kummar som ein kan gøyma seg i. Det er viktig at disse står ute heile summaren slik at gåsa blir van med skjulet.

5.6. Skræming av gås med "Hylar".

Ein kommune i Møre og Romsdal kommune kjøpte med stønad frå statlege viltfondmidlar inn to hylarar rundt 1990. Ein hylar er ei oppblåsbar gummidukke tilkopla ei sirene. Hylaren er tilkopla eit bilbatteri og vert aktivert med førehandsinnstelte intervall. Her syntet det seg at hylarane hadde ein verknadssone på 50-60 meter og at verknaden minka over tid fordi gåsa vente seg relativt fort til lyden. Utstyret var heller ikkje driftssikkert nok. Krinskorta vart skadde av det fuktige miljøet og måtte skiftast ofte.

6. KONKLUSJON OG TILRÅDINGAR

MÅL

Kvam herad skal oppretthalde ein levedyktig bestand av grågås. Storleiken på bestanden skal til ei kvar tid vere tilpassa det naturlege beitegrunnlaget og skadenivået skal være akseptabelt. Målet med forvaltningsplanen er at ein vil flytte gåsa frå jordbruksområdet til område der ein ikkje får skade på innmark.

For kvart området, skal det definerast eit bestandsmål som grunneigarane kan akseptere. Det er aktuelt og dela heradet inn i 3 sonar.

1. Movatnet Norheimsund
2. Aksnes/ Fonnaland
3. Tørvikbygd
4. Oma/ Nes

Finna bestand og bestandsmål for kvart delområde i lag med grunneigarane. Finna ut kva tap bonden har på avling.

VERKEMIDDEL

Kvam herad skal medverke til at det kan utøvast jakt på grågås som kan gi eit friluftstilbod til ålmenta og eit økonomisk bidrag til grunneigarane. Inntekt frå sal av jaktkort kan vera med å førebygge eller kompensere for beiteskader og å sikre driftsgrunnlaget for gardbrukarane i det skadeutsette området. Enkeltbrukarar skal ikkje påførast urimeleg økonomiske eller arbeidsmessige belastningar. Det er og ei opning for at ein kan søkje det kommunale

viltfondet for kartlegging av bestanden og hekkeområde. Viltfondet kan også nyttast til etablering og skjøtsel av friområde.

TILTAK

1. Tidlegare jaktstart og sinking av egg.

Det vert fastsett ei føresegn for Kvam herad om tidlegare jaktstart på grågås, 26. juli (1.august). I føresegna vert det dessutan fastsett reglar for sinking av egg. Det vert utarbeidd retningsliner for organisering og registrering.

2. Friområde:

Bruk av malen frå forvaltningsplanen av grågås i Hordaland for etablering av friområde. Planen må ut på høyring til bondelaget og andre interesserter.

3. Rapportering og vurdering av førekomst

(Kvam herad lagar ei årleg oversikt over behovet for tildeling av fellingsløyve på gås og utarbeider eit system for rapportering av jakt og registrering av førekomst.) organisering av jakta

4. Opparbeiding av beiteareal for grågås

Etter avtale med grunneigar kan avgrensa jordbruksareal verte avsett og opparbeida som beiteareal for grågås. Ingen slike område er kjent per i dag, men ein vil prøve å finne område som høver til formålet. Kvam herad vil kunne stille midlar frå viltfondet til rådvelde for kultivering av desse områda, og det kan søkjast om midlar for gjennomføring av tiltak frå Hordaland fylke. I disse friområda skal det ikkje drivast jakt eller skremming.

5. Sette opp gjerde ned mot vatn/ sjø

Ei forsøksordning om å sette opp eit lågt straum gjerde ned mot sjøen for å sjå om det har noko effekt

6. Jakt på grågås

Grågåsjakta skal regulerast på følgjande måte:

Dagar	Tid på dagen	Områdeavgrensing
26. juli – 9. august	04.00 – 10.00	Innmark med maskinell hausting, gjødsla innmarksbeite, samt 30 m randsoner kring desse.
10. august- 23.desember	Heile døgnet	Ingen

Jakta må vere gått organisert der ein jaktar aktivt ein dag og så har eit opphold 5 – 6 dagar. Ein må gjera jakta attraktiv slik at ein får folk til å驱iva jakta. Det er lite tradisjon til å jakta gås i Kvam slik at det kravles noko opplæring for at dette skal lukkast. Det kan også i framtida bli ei inntektskjelde for grunneigarar.

7. Fellingsløyve for skadefugl.

Utanom jakttidene kan det bli gitt fellingsløyve for gås som beiter på eng areal eller frukttre slik at gardbrukar får betydelege økonomiske tap. (med etterhald om at vilkåra for å gje skade løyve er oppfylt).

7. REFERANSAR

Forvaltning av gjess i Hordaland MVA rapport 3/2008

<http://artsobservasjoner.no>

Handlingsplan for forvaltning av gjæs. DN-rapport 1996-2

Forskrift om jakt og fangst tid